


# RAPPORT LNR 3612-97

## E16

### Tunnel Aurland - Lærdal

Overvaking av vasskvalitet,  
botndyr og fisk i Lærdalselva og  
Kuvella i 1996



# RAPPORT


| Hovedkontor  | Sørlandsavdelingen   | Østlandsavdelingen  | Vestlandsavdelingen   | Akvaplan-NIVA A/S  |
|--|--|---|---|--|
| Postboks 173, Kjelsås<br>0411 Oslo<br>Telefon (47) 22 18 51 00<br>Telefax (47) 22 18 52 00 | Televeien 1<br>4890 Grimstad<br>Telefon (47) 37 29 50 55<br>Telefax (47) 37 04 45 13 | Sandvikaveien 41<br>2312 Ottestad<br>Telefon (47) 62 57 64 00<br>Telefax (47) 62 57 66 53 | Nordnesboder 5<br>5005 Bergen<br>Telefon (47) 55 30 22 50<br>Telefax (47) 55 30 22 51 | Søndre Tollbugate 3<br>9000 Tromsø<br>Telefon (47) 77 68 52 80<br>Telefax (47) 77 68 05 09 |

|   |  |                         |
|---|--|-------------------------|
| Tittel<br><b>E16. Tunnel Aurland - Lærdal</b><br>Overvakning av vasskvalitet, botndyr og fisk i Lærdalselva og Kuvella i 1996 | Lopenr. (for bestilling)<br><b>3612-97</b> | Dato<br><b>31.01.97</b> |
| Forfatter(e)<br>Vilhelm Bjerknes, NIVA<br>Gunnar G. Raddum, UiB   | Prosjektnr. Underrn.<br><b>O-93248</b>     | Sider Pris<br><b>39</b> |
| Fagområde<br><b>Vassdrag</b>  | Distribusjon                               |                         |
| Geografisk område<br><b>Sogn og Fjordane</b>  | Trykket<br><b>NIVA</b>                     |                         |

|   |                                |
|---|--------------------------------|
| Oppdragsgiver(e)<br>Statens Vegvesen Sogn og Fjordane | Oppdragsreferanse<br>Jon Kvåle |
|---|--------------------------------|

|  |
|--|
| <b>Samandrag</b><br>Dette overvaknings-programmet er iverksett for å kontrollere eventuell påverknad av vassmiljø og fauna fra tunneldriving og deponering av sprengstein i Tynjadalen i samband med vegg tunnelen på E16 mellom Aurland og Lærdal. Det er gjort analysar av månadlege vassprøver frå ialt 6 prøvestasjonar i Kuvella og Lærdalselva i 1996. I tillegg er det gjort analysar av 4 vassprøver til ulike årstider frå ialt 7 drikkevassbrønnar ved Tønjum. Kvantitativ prøvetaking med surber samplar og undersøking av botndyrfunaen vart gjennomført for ialt 4 stasjonar i vassdraga i juni 1996. I oktober vart det samla inn eit referanse materiale av gjelleprøver av sjøaure- og laksunger v. h. a. elektrisk fiskeapparat, og det vart gjort telling av gytefisk (sjøaure) i Kuvella. Det vart målt forbigåande forhøya verdiar av suspendert partikulært materiale og fosfor i Kuvella under vårlaum i 1996. Det er ikkje påvist nokon form for påverknad frå aktiviteten i Tynjadalen på vasskvaliteten i brønnane ved Tønjum. Botndyrfunaen på dei elvestrekningane som kan tenkast å bli påverka av anleggsaktiviteten viser endringar i 1996 samanlikna med tidlegare år. Endringane er likevel ikkje meir markerte enn at dei kan forklarast ut frå naturleg variasjon. Det vart registrert ialt 51 gytefisk av sjøaure i Kuvella hausten 1996. |
|--|

|                     |                          |
|---------------------|--------------------------|
| Fire norske emneord | Fire engelske emneord    |
| 1. Sprengstein      | 1. Blasted rocks         |
| 2. Vasskvalitet     | 2. Water quality         |
| 3. Botndyr          | 3. Benthic invertebrates |
| 4. Ferskvannsfisk   | 4. Freshwater fish       |

  
Vilhelm Bjerknes  
Prosjektleder

ISBN 82-577-3168-4

  
Dag Berge  
Forskingssjef

O-93248

**E16. Tunnel Aurland - Lærdal**

**Overvaking av vasskvalitet, botndyr og fisk i  
Lærdalselva og Kuvella i 1996**

## Forord

*Tunneldriving og deponering av sprengstein i Tynjadalen inngår som ein del av tunnelprosjektet på E16 mellom Aurland og Lærdal. Rapporten presenterer resultata av overvakinga av vassmiljøet i Kuvella og Lærdalselva i 1996. Undersøkingane starta opp i 1993-94, og resultata frå denne perioden og for 1995 er presentert i to tidlegare NIVA-rapportar. Undersøkingane blir utført av NIVA etter oppdrag frå Statens Vegvesen Sogn og Fjordane ved Jon Kvåle. NIVA's prosjektleiar er Vilhelm Bjerknes.*

*Vassprøvematerialet er samla inn av Torkjell Grimelid, Lærdal, som og har gjort telling av gytefisk i Kuvella. Dei kjemiske analysane er gjort ved NIVA's laboratorier, medan dei bakteriologiske analysane er gjort ved Næringsmiddeltilsynet for Sogn.*

*Botndyrundersøkingane er gjennomført og presentert av Gunnar G. Raddum ved Laboratorium for ferskvannsøkologi og innlandsfiske, Universitetet i Bergen. Dei andre resultata er presentert av Vilhelm Bjerknes, NIVA, som og har redigert rapporten.*

*Bergen i januar 1997*

*Vilhelm Bjerknes*

# Innhald

|   |           |
|---|-----------|
| <b>SAMANDRAG .....</b>                          | <b>5</b>  |
| <b>SUMMARY .....</b>                            | <b>6</b>  |
| <b>1. INNLEIING .....</b>                       | <b>8</b>  |
| <b>2. VASSKVALITET .....</b>                    | <b>10</b> |
| 2.1 STASJONSNETT OG METODAR .....               | 10        |
| 2.2 RESULTAT .....                              | 14        |
| 2.2.1 <i>Vassdrag .....</i>                     | 14        |
| 2.2.2 <i>Drikkevassbrønnar ved Tønjum .....</i> | 17        |
| 2.3 VURDERING.....                              | 19        |
| <b>3. BOTNDYR .....</b>                         | <b>20</b> |
| 3.1 MATERIALE OG METODAR .....                  | 20        |
| 3.1.1 <i>Stasjonsnett .....</i>                 | 20        |
| 3.1.2 <i>Metodikk .....</i>                     | 21        |
| 3.2 RESULTAT .....                              | 21        |
| 3.3 VURDERING.....                              | 24        |
| <b>4. GJELLER AV UNGFISK .....</b>              | <b>25</b> |
| <b>5. TELLING AV GYTEFISK I KUVELLA .....</b>   | <b>26</b> |
| <b>6. REFERANSAR .....</b>                      | <b>27</b> |
| <b>VEDLEGG A .....</b>                          | <b>28</b> |
| <b>VEDLEGG B .....</b>                          | <b>35</b> |
| <b>VEDLEGG C.....</b>                           | <b>39</b> |

## Samandrag

På oppdrag frå Statens Vegvesen i Sogn og Fjordane vart det i 1996 sett iverk eit program for overvaking av vassmiljøet i Kuvella og Lærdalselva. Programmet heng saman med tunneldriving på E16 Aurland-Lærdal, og etablering av deponi i Tynjadalen for 1.5 mill m<sup>3</sup> utsprengt tunnelmasse.

Målet med overvakninga er å kontrollere at vasskvaliteten i vassdrag og i drikkevassbrønnar med tilsig frå vassdraga ikkje endrar seg som følgje av avrenning/ureining frå anleggsarbeidet, med dei konsekvensane dette kan få for brukerinteresser og dyreliv.

Overvakningsprogrammet bygger på førehandsundersøkingar som vart gjennomført i 1993-95. I 1996 er det gjort månadlege registreringar av vasskvalitet på 6 stasjonar i Kuvella og Lærdalselva. I tillegg er det gjort 4 årlege registreringar i 7 drikkevassbrønnar ved Tønjum. Kvantitativ innsamling av botndyr vart gjort på 4 stasjonar i Kuvella og Lærdalselva i juni 1996. I tillegg vart det i oktober 1996 samla inn eit referanse materiale av gjeller frå fiskeungar på ialt 3 stasjonar i Kuvella og Lærdalselva. Det vart også gjort telling av gytefisk (sjøaure) i Kuvella hausten 1996.

Vassanalysane tek først og fremst sikte på å avdekka mogelege påverknader frå anleggsarbeid og avrenning frå sprengsteinsdeponi. Analysar i 1996 av prøver både frå vassdraga og frå brønnane ved Tønjum viser verdiar som i hovudsak ligg innafor det variasjonsområdet vi naturleg kan forventa ut frå førehandsgranskingane. Kanaliseringssarbeid i Kuvella medverka truleg til forhøya verdiar av partiklar (maksimum 26 mg/l) og fosfor (maksimum 66 µg/l) under vårflaum. Det vert likevel konkludert med at anleggsarbeidet i 1996 har hatt minimal påverknad på vasskvaliteten i vassdraga.

Nitrogennivået i drikkevassbrønnane ved Tønjum var noko lågare i 1996 samanlikna med 1995, medan fosforverdiane låg på same nivå. I 1996 fann ein elles same variasjonsmønster i vasskvaliteten med årstid og med vasstand i vassdraga, og stort sett dei same forskjellane mellom dei ulike brønnane som tidlegare år. Den bakteriologiske stoda i drikkevatnet var jamt over tilfredsstillande. Det er ikke observert endringar av drikkevasskvaliteten i 1996 som kan skuldast anleggsarbeidet i Tynjadalen.

Botndyrfunaen på dei tre prøvestasjonane i Kuvella og i Lærdalselva nedstraums Kuvella viser ei endring i 1996 samanlikna med tidlegare år, m.a. ein stor reduksjon i førekommstane av fjørmygglarver og av døgnflegearten *Baetis rhodani*. Denne utviklinga er innbyrdes lik på dei tre nemnte stasjonane som kan vera påverka av anlegget, men ulik utviklinga på stasjonen i Lærdalselva oppstraums Kuvella, som er upåverka. Likevel vert det konkludert med at dei registrerte endringane ligg innafor naturlege svingingar. Det kan derfor ikkje trekast konklusjonar om at aktiviteten i Tynjadalen har påverka botndyrfunaen. Berre fortsatt overvakning kan gje svar på dette.

I oktober 1996 vart det fanga laks- og aureungar med elektrisk fiskeapparat på tre stasjonar, ein stasjon i Kuvella, ein i Lærdalselva oppstraums (referanse) og ein nedstraums Kuvella. På kvar stasjon vart det fanga 5-6 individ, som vart artsbestemt (aure/laks) og lengdemålt. Det vart teke gjelleprøver og skjellprøver av kvar fisk. Prøvene blir oppbevart ved NIVA, og skal nyttast som referansemateriale for vurdering av skader på fisk dersom det oppstår ein ureiningssituasjon.

Telling av gyteferdig sjøaure i Kuvella vart gjort 15. oktober 1996, og det vart registrert ialt 51 gytefisk. Dette er det høgaste talet som er registrert etter at gytefisktellingane starta i 1988.

## Summary

Title: Monitoring of water quality, benthic invertebrates and fish in River Kuvella and Lærdalselva in 1996.

Year: 1997

Author: Vilhelm Bjerknes and Gunnar G. Raddum

Source: Norwegian Institute for Water Research, ISBN No.: ISBN 82-577-3168-4

On the commission of Statens Vegvesen in Sogn og Fjordane a monitoring program was implemented in 1996 including analyses of water quality in River Lærdalselva, the tributary Kuvella and well water from the Tønjum area, investigations of benthic invertebrates and fish. The reason for the program is the construction work for the E16 highway tunnel between Aurland and Lærdal, including the disposal of 1.5 mill. m<sup>3</sup> blasted rocks in Tynjadalen valley close to the tributary Kuvella. The construction work started in late autumn 1995 and will continue for a period of three years.

The main objectives are to monitor possible impacts from the construction and disposal work on the river and well water quality, including the consequences for the use of water, salmon and trout fishery and the fauna of the rivers.

A base line study was carried out during 1993-95. During 1996 water has been sampled monthly from 6 stations in Kuvella and Lærdalselva for physical, chemical and bacteriological analyses. In addition 7 drinking water wells fed by water from Kuvella, have been sampled and analysed at 4 occasions. Quantitative sampling of benthic invertebrates was accomplished at 4 stations in Kuvella and Lærdalselva in June 1996. A reference material of gills from salmon and sea trout parr was sampled at 3 stations in Kuvella and Lærdalselva in October. A registration of spawning sea trout was carried out in Kuvella in October.

The physical and chemical parameters analysed for in 1996 indicate that the water quality has mainly been within the expected limits of natural variation. Canalization work in Kuvella probably explains elevated content of particles in downstream stretches (STS maximum 26mg/l) and phosphorus content (TOT-P maximum 66 µg/l) during spring flow in Kuvella in May 1996. The impacts on the water quality of Lærdalselva were minimal. The main conclusion, considering water analyses from 6 stations over one year, is that the impacts from the construction work on the water quality so far has been incidentally and limited to the canalization impacts in Kuvella.

The nitrogen levels of well water at Tønjum in 1996 were lower, and the phosphorus levels were at the same level as previous years. However the nitrogen levels (maximum TOT-N >4000 µg/l) and phosphorous levels (maximum TOT-P >60 µg/l) are extremely high. The 1996 analyses confirmed the seasonal variations influenced by the river water level and dilution, and also the variations in the levels of different parameters between individual wells. The bacteriological situation is satisfactory according to Norwegian standards.

The benthic fauna in Kuvella and in Lærdalselva downstream Kuvella has changed in 1996 compared to previous years, with major reductions in the densities of chironomides and of the may fly *Baetis rhodani*. The changes include all sampling stations that may become influenced by the activities in Tynjadalen, and differ from the development at the reference station in Lærdalselva upstream the inlet of Kuvella. However, the changes are within natural variation, and only further monitoring can show whether or not the changes are connected to the construction activities.

In October 5-6 individuals of salmon or trout parr were sampled by electric fishing in Kuvella and Lærdalselva upstream (reference) and downstream Kuvella for gill samples. The gills, conserved in buffered 4 % formalin, will be kept at NIVA as reference in case of future events of pollution.

Registration of spawning sea trout in Kuvella was performed in october 1996. 51 spawners were observed. This is the highest number since the registration of spawners was started in 1988.

## 1. Innleiing

Rapporten presenterer resultat frå overvaking av Kuvella og Lærdalselva i Lærdal kommune i 1996. Overvakingsprogrammet bygger på konsekvensanalyse av tunneldrifta på E16 Aurland-Lærdal, og opprettinga av deponier i Tynjadalen (Bjerknes m.fl. 1994). Det er og gjort førehandsregistreringar av vasskvalitet, botndyr og fisk i Kuvella, som renn gjennom Tynjadalen og ut i Lærdalselva ved Tønjum, og i Lærdalselva (Bjerknes & Raddum 1994; 1996). Statens Vegvesen i Sogn og Fjordane er i ferd med å etablere to massedeponi på totalt 1.5 mill m<sup>3</sup> på vestsida av Tynjadalen. Deponia tek hand om utsprengt masse frå tunnelen. Sprengingsarbeidet på Lærdal-sida kom igang i desember 1995, og anleggsarbeidet er rekna å vare i omlag 3 år.

Frå og med 1996 er det sett igang overvaking av vassmiljøet i Kuvella og Lærdalselva. Overvakingsprogrammet tek ungangspunkt i risikoen for stoffavrenning frå massedeponia og dei verknadene dette kan få for vasskvaliteten i Kuvella og Lærdalselva. Risikoen vil være størst i anleggsperioden, og vil vera knytta til avrenning av finstoff (slam) frå utsprengte massar, og til nitrogenhaldig stoff frå sprengstoff restar. I tillegg er hushaldningskloakk, spillolje og anna ureining frå riggområder risikomoment som det må takast omsyn til.

Målet med overvakkinga er å kontrollere at vasskvaliteten i vassdraga og i drikkevassbrønnar med tilsig frå vassdraga ikkje endrar seg som følgje av avrenning/ureining frå anleggsarbeidet, med dei konsekvensane dette kan få for brukerinteressane og dyrelivet i vassdraga. Dersom slike endringar blir registrert skal årsakstilhøva klarleggast og skadebegrensande tiltak settast inn.

Eventuell ureining frå anleggsområdet vil vera episodisk, og ureiningstilførslene til Kuvella vil variere med avrenninga frå feltet i samband med nedbør og snøsmelting, og med rytmen i sjølve anleggsarbeidet. Suspensjon og sedimentasjon av finstoff i vassdraget vil variere med vassføringa.

Dei viktigaste brukerinteressene som det må takast omsyn til er fiske, jordbruk og drikkevatn. Lærdalselva er ei av dei viktigaste lakseelvene i Nord-Europa, og det knytter seg store økonomiske interesser lokalt til laksefisket i vassdraget. Det blir derfor stilt krav til varsemd for å unngå påverknader som kan ha ueheldige konsekvensar for utøving av fisket, eller for oppgang og reproduksjon av laks og sjøaure. Bjerknes & Raddum (1994) har gjort greie for dei viktigaste kjente verknadene av potensiell forureining frå anlegget i Tynjadalen på brukerinteresser og økologiske tilhøve i Kuvella og Lærdalselva.

Statens forureiningstilsyn, SFT har gjeve Vegvesenet delvis medhald i klaga på det overvakingsprogrammet som opprinnleig vart pålagt. Programmet som er utført i 1996 har hatt følgjande innhald:

### Vasskjemi:

- Månadleg prøvetaking på 2 faste stasjonar i Kuvella (utvida til 3 stasjonar frå og med august 1996) og 3 faste stasjonar i Lærdalselva.
- Prøvetaking av 7 brønnar ved Tønjum 4 gonger i året (vår, sommar, haust, vinter).
- Kjemisk analyse etter avtalt program.

### Mikrobiologi:

- Prøvetaking på elvestasjonar og brønnar 4 gonger i året (vår, sommar, haust, vinter). Bakteriologisk analyse etter avtalt program.

**Botndyr:**

- Prøvetaking på 2 faste stasjonar i Kuvella og 2 faste stasjonar i Lærdalselva 1 gong i året (vår).

**Ungfisk:**

- Innsamling av gjelleprøver av ungfisk fra 1 stasjon i Kuvella og 2 stasjonar i Lærdalselva.

**Gytefisk:**


- Telling av gytefisk i den sjøaureførande delen av Kuvella om hausten.

## 2. Vasskvalitet

Lærdalselva var ei av i alt 18 sør-norske elver i Statleg program for forureiningsovervaking fram til 16. januar 1995, med Øvre Ljøsne som fast prøvestasjon. Denne prøvestasjonen vart nedlagt 16. januar 1995. I perioden frå 30. november 1993 - 30. juni 1994, samt i mai og juni 1995 ble det teke parallelle prøver og analysar frå Øvre Ljøsne, frå Lærdalselva nedstraums Kuvella og frå Kuvella ved Stamfiskbassenget omlag 2 gonger i månaden. Undersøkinga vart gjort for å sikra informasjon om vasskvaliteten i vassdragsavsnitt som kan bli påverka av anleggsverksemda i Tynjadalen. Resultata av denne undersøkinga er presentert av Bjerknes & Raddum (1994), vil bli nytta til å vurdere framtidige endringar i vasskvaliteten i vassdraga.

### 2.1 Stasjonsnett og metodar

Prøvetakingsstasjonane i vassdrag og brønnar i 1996 er vist i Figur 1 og 2.




Figur 1. Stasjonar for vassprøver i 1996.

Alle vassprøver er sendt med post til NIVA's analyselaboratorium og analysert for følgjande parametar:

| Analyse                 | Kode               | Metode           | Skildring   |
|-------------------------|--------------------|------------------|---|
| pH                      | pH                 | NS4720           | pH, potensiometri   |
| Turbiditet              | TURB               | NS4723           | Nefelometri (FTU)   |
| Farge                   | FARG               | Standard Methods | Farge, membranfiltrert, spektrofotometrisk måling ved 410 nm (mg Pt/l)        |
| Tørrstoff*              | STS/L              | Intern           | Suspendert tørrstoff i resipientvatn, ferskvatn, 105°C, gravimetri (mg/l)     |
| Gløderest*              | SGR/L              | Intern           | Suspendert gløderest i resipientvatn, ferskvatn, 480°C, gravimetri            |
| Ammonium                | NH <sub>4</sub> -N | Intern<br>NS4776 | Ammonium, autoanalysator (µg N/l)   |
| Nitrat                  | NO <sub>3</sub> -N | Intern<br>NS4745 | Summen av nitrat og nitritt, autoanalysator (µg N/l)                          |
| Nitrogen                | TOT-N/L            | Intern<br>NS4743 | Totalnitrogen, lav konsentrasjon, persulfatoppslutting, autoanalysator (µg/l) |
| Fosfor                  | TOT-P/L            | Intern<br>NS4725 | Totalfosfor, lav konsentrasjon, persulfatoppslutting, autoanalysator (µg/l)   |
| Totalt organisk carbon* | TOC                | Intern           | Totalt organisk karbon i ferskvann u/partikler, S208/UV-oksydasjon (mg/l)     |

\*Berre prøver frå vassdraga



Figur 2. Lokalisering av drikkevassbrønnar ved Tønjum som er nytta til prøveuttak i 1996.

Prøver frå dei 6 vassdragsstasjonane er teke 1 gong i månaden, i dei 7 brønnane er det teke prøver 4 gonger i året (vinter, vår, sommar, haust). På desse tidspunktene er det også teke vassprøver i vassdrag og brønnar for bakteriologisk analyse. Dei sistnemnde analysane er gjort ved Næringsmiddeltilsynet for Sogn. Parametrar, metodar og normer/krav for drikkevasskvalitet framgår av tabellen nedanfor.

| Parameter                         | Metode | Normer/krav (drikkevatn) |
|-----------------------------------|--------|--------------------------|
| Totalantall bakterier 20°C/ml     | NS4791 | <100                     |
| Koliforme bakterier 37°C/100ml    | NS4788 | Ikkje påvisast           |
| Termost. kol. bakt. filter/100 ml | NS4792 | Ikkje påvisast           |

Dei målte verdiane i vassførekomstane ligg til grunn for inndeling av vasskvaliteten i fem tilstandsklasser (SFT 1992). Systemet er tilpassa norske tilhøve, slik at forvaltninga av norske vassførekomstar kan skje i høve til dei måla for vasskvalitet som vi har sett her til lands. Tilstanden er delt inn i 5 klasser, nummerert med romartal. Tabellen nedanfor syner klassifiseringskriteriene for drikkevatn. Parametrar som er *utheva* blir tillagt særleg vekt ved bestemming av klasse/grad.

| Virkninger         | Parametre  | Tilstandsklasser |                    |                       |                  |                     |
|--------------------|--|------------------|--------------------|-----------------------|------------------|---------------------|
|                    |  | I<br>"God"       | II<br>"Mindre god" | III<br>"Nokså dårlig" | IV<br>"Dårlig"   | V<br>"Meget dårlig" |
| Næringsalter       | Total-P ( $\mu\text{g P/l}$ )<br>Total-N ( $\mu\text{g N/l}$ ) | <7<br><250       | 7-11<br>250-400    | 11-20<br>400-550      | 20-50<br>550-800 | >50<br>>800         |
| Organiske stoffer  | TOC ( $\text{mg C/l}$ )<br>Fargetall ( $\text{mg Pt/l}$ )      | <2.5<br><15      | 2.5-3.5<br>15-25   | 3.5-6.5<br>25-40      | 6.5-15<br>40-80  | >15<br>>80          |
| Forsurende stoffer | pH   | >6.7             | 6.0-6.7            | 5.3-6.0               | 4.7-5.3          | <4.7                |
| Partikler          | Turbiditet (FTU)<br>Suspendert stoff ( $\text{mg/l}$ )         | <0.5<br><1.5     | 0.5-1<br>1.5-3     | 1-2<br>3-5            | 2-5<br>5-10      | >5<br>>10           |
| Tarmbakterier      | Termostabile koli.<br>bakt.<br>(antall/100ml)<br>v/44°C        | <5               | 5-50               | 50-200                | 200-1000         | >1000               |

På grunnlag av tilstandsinndelinga blir vasskvalitetens egnethet som *råvatn* for drikkevassforsyning inndelt i fire klasser:

Klasse 1: Godt egnet

Klasse 2: Egnet

Klasse 3: Mindre egnet

Klasse 4: Ikke egnet

Til vurdering av vasskvalitet i vassdraga har vi nytta eit tilsvarande klassifiseringssystem for egnethet til sportsfiske.

I vår vurdering har vi nytta nitrogen og fosfor for vurdering av næringssalt, totalt organisk karbon og farge for vurdering av organisk stoff, pH for vurdering av forsurande stoff, turbiditet og suspendert tørstoff for vurdering av partikulært materiale og termostabile tarmbakterier for vurdering av tarmbakterier. Ei rekke av desse parametrane syner tildels store naturlege variasjonar gjennom året, særleg i rennande vatn, på grunn av vekslande nedbør, temperatur, snøsmelting og vassføring.


Vi har derfor valt å gjera vurderinga i tre deler, utifrå medelverdi, medianverdi og maksimumsverdi. Medelverdien er uttrykk for årsgjennomsnittet, medan medianverdien kan seiast å uttrykka den tilstanden som opptrer mest vanleg i vassførekomensten. Maksimumsverdien viser tilstanden i dei mest ekstreme situasjonane, og vil ofte vera uttrykk for ein kortvarig tilstand eller episode. I vår bedømming er det viktig å vurdera om slike tilstander skuldast naturgjevne tilhøve, eller om dei kan henga saman med anleggsverksemda.

I vurderingane er berre kjemisk og bakteriologisk vasskvalitet lagt til grunn. T.d. har registreringa av lakseparasitten *Gyrodactylis salaris* i Lærdalselva hausten 1996 ikkje hatt noko å seie for desse vurderingane.


## 2.2 Resultat

### 2.2.1 Vassdrag

Analyseresultata (rådata) av månadlege vassprøver er presentert i Vedlegg A. Figur 3 viser vassføringa i Lærdalselva ved Stuvane. Figur 4 viser variasjonane i tørrstoff- og næringssaltkonsentrasjonar gjennom året i vassprøver frå Kuvella oppstraums (Stasjon K6) og nedstraums anleggsområdet (Stasjon K1), og i Lærdalselva oppstraums (Stasjon L3) og nedstraums Kuvella (Stasjon L4).



**Figur 3.** Vassføring,  $\text{m}^3/\text{s}$  (døgnmedel) i Lærdalselva ved Stuvane i 1996.



**Figur 4.** Tørrstoff- og næringssaltkonsentrasjonar. Stasjon K6, Kuvella oppstraums deponi/anleggsmråde. Stasjon K1, Kuvella nedstraums deponi/anleggsmråde. Stasjon L3, Lærdalselva oppstraums Kuvella. Stasjon L4, Lærdalselva nedstraums Kuvella.

Både i Kuvella og i Lærdalselva aukar innhaldet av suspendert materiale og totalfosfor i samband med vårflaum (mai/juni), med høgast verdiar i Kuvella. Det siste heng først og fremst saman med kanaliseringsarbeidet oppstraums Stasjon K1. Bortsett frå denne mellombels auken er konsentrasjonane er av same storleik som før anleggsarbeidet starta (sjå Bjerknes & Raddum 1996). I Lærdalselva får vi ei auke i suspendert tørrstoff og næringssalt nedstraums Kuvella (Stasjon L4) i mai og juni, noko som er forventa ut frå Kuvella sitt bidrag.

I Tabell 1 nedanfor er resultata bearbeidd og klassifisert etter SFT sitt klassifiseringssystem for miljøkvalitet (SFT 1992). Klassifiseringskjema for "egnethet for sportsfiske" er nytta.

**Tabell 1.** Klassifisering av vasskvalitet med omsyn til sportsfiske. Romartal uttrykker tilstand, medan arabertal uttrykker egnethet (sjå forklaring i kapittel 2.1). Kodane refererer til stasjonane i Figur 1.

| Stasjon                      | K6* | K1    | K2    | L3    | L4    | L5    |
|------------------------------|-----|-------|-------|-------|-------|-------|
| <b>Næringssalter</b>         |     |       |       |       |       |       |
| • Medel                      | I/1 | III/2 | III/2 | I/1   | I/1   | I/1   |
| • Median                     | I/1 | III/2 | III/2 | I/1   | I/1   | I/1   |
| • Maksimum                   | I/1 | V/4   | V/4   | III/2 | III/2 | III/2 |
| <b>Organisk stoff</b>        |     |       |       |       |       |       |
| • Medel                      | I/1 | I/1   | I/1   | I/1   | I/1   | I/1   |
| • Median                     | I/1 | I/1   | I/1   | I/1   | I/1   | I/1   |
| • Maksimum                   | I/1 | I/1   | I/1   | II/1  | III/2 | III/2 |
| <b>Forsurande stoff</b>      |     |       |       |       |       |       |
| • Medel                      | I/1 | I/1   | I/1   | II/1  | II/1  | II/1  |
| • Median                     | I/1 | I/1   | I/1   | II/1  | II/1  | II/1  |
| • Maksimum                   | I/1 | I/1   | I/1   | I/1   | I/1   | I/1   |
| <b>Partikulært materiale</b> |     |       |       |       |       |       |
| • Medel                      | I/1 | III/3 | III/2 | II/1  | II/1  | I/1   |
| • Median                     | I/1 | I/1   | I/1   | I/1   | I/1   | I/1   |
| • Maksimum                   | I/1 | V/4   | V/4   | IV/3  | IV/3  | III/3 |
| <b>Tarmbakterier</b>         |     |       |       |       |       |       |
| • Medel                      | I/1 | I/1   | I/1   | I/1   | I/1   | I/1   |
| • Median                     | I/1 | I/1   | I/1   | I/1   | I/1   | I/1   |
| • Maksimum                   | I/1 | I/1   | II/1  | I/1   | II/1  | II/1  |

\*Berre registreringar frå og med august 1996.

For stasjon K1 og K2 i Kuvella ligg verdiane av næringssalter (nitrogen og fosfor) høgare heile året enn på dei andre stasjonane. Dei uvanleg høge nitrogenverdiane i Kuvella stadfester tendensen frå tida før anleggsarbeidet starta opp.

Fosforinnhaldet i Kuvella aukar med aukande partikkelninhald og vassføring, noko som tyder på erosjon i samband med flaum etter kanaliseringsarbeid ved deponiområdet. Det er ikkje nokon tilsvarande klar parallel mellom aukande partikkelninhald og aukande nitrogenverdiar, slik ein skulle forventa dersom

partiklane stamma frå sprengstein frå tunneldrivinga. Generelt er næringssaltverdiane lågare i sommarhalvåret enn i vinterhalvåret.

Maksimumsverdiane både i næringssalt- og partikkelninhald kommer i samband med vårflaum både i Kuvella og Lærdalselva oppstraums Kuvella. Bortsett frå Stasjon K1 nedstraums kanaliseringssområdet i Kuvella, ligg verdiane innafor det som kan tolkast som naturlege variasjonar.

## 2.2.2 Drikkevassbrønner ved Tønjum


Ei fysisk skildring av kvar einskild brønn er gitt i Bjerknes & Raddum (1994). Nedanfor følger ei bedømming av vasskvalitet, tilstand og egnethet som drikkevatn basert på overvakinga i 1996.

Det er tatt ut vassprøver frå 7 drikkevassbrønnar på Tønjum i 1996. Dette er dei same brønnane som vart nytta ved dei innleiane undersøkingane (sjå Figur 2). Det er teke ialt 4 prøver av kvar brønn, fordelt på vinter, vår, sommar og haust. Analyseprogrammet er primært innretta mot mogelege påverknader frå anleggsarbeidet, dvs. partikulært materiale og nitrøse stoff (Total Nitrogen). I tillegg er prøvene analysert for pH, totalfosfor og bakterier. Resultata av årets undersøking er gjengjeve i vedlegg. I tabell 2 nedanfor er analyseresultata klassifisert etter SFT (1992) sitt klassifiseringssystem for drikkevatn.

**Tabell 2.** Klassifisering av vasskvalitet for bruk til drikkevatn. Romartal uttrykker tilstand, medan arabertal uttrykker egnethet (sjå forklaring i kapittel 2.1). Kodane (B1...B7) refererer til brønnane i Figur 4.

| Brønn                        | B1   | B2    | B3    | B4   | B5   | B6   | B7   |
|------------------------------|------|-------|-------|------|------|------|------|
| <b>Total nitrogen</b>        |      |       |       |      |      |      |      |
| • Medel                      | V/4  | III/3 | V/4   | IV/4 | IV/4 | V/4  | V/4  |
| • Median                     | IV/4 | III/3 | V/4   | IV/4 | IV/4 | V/4  | V/4  |
| • Maksimum                   | V/4  | IV/4  | V/4   | IV/4 | V/4  | V/4  | V/4  |
| <b>Total fosfor</b>          |      |       |       |      |      |      |      |
| • Medel                      | I/1  | I/1   | II/2  | I/1  | I/1  | IV/4 | V/4  |
| • Median                     | I/1  | I/1   | III/3 | I/1  | I/1  | IV/4 | V/4  |
| • Maksimum                   | I/1  | I/1   | III/3 | I/1  | I/1  | IV/4 | V/4  |
| <b>Farge</b>                 |      |       |       |      |      |      |      |
| • Medel                      | I/1  | I/1   | I/1   | I/1  | I/1  | I/1  | I/1  |
| • Median                     | I/1  | I/1   | I/1   | I/1  | I/1  | I/1  | I/1  |
| • Maksimum                   | I/1  | I/1   | I/1   | I/1  | I/1  | I/1  | I/1  |
| <b>Forsurande stoff</b>      |      |       |       |      |      |      |      |
| • Medel                      | I/1  | I/1   | II/2  | II/2 | II/2 | II/2 | II/2 |
| • Median                     | I/1  | I/1   | II/2  | II/2 | II/2 | II/2 | II/2 |
| • Maksimum                   | I/1  | I/1   | II/2  | II/2 | II/2 | II/2 | II/2 |
| <b>Partikulært materiale</b> |      |       |       |      |      |      |      |
| • Medel                      | I/1  | I/1   | I/1   | I/1  | I/1  | I/1  | I/1  |
| • Median                     | I/1  | I/1   | I/1   | I/1  | I/1  | I/1  | I/1  |
| • Maksimum                   | I/1  | I/1   | II/2  | I/1  | I/1  | I/1  | I/1  |
| <b>Tarmbakterier</b>         |      |       |       |      |      |      |      |
| • Medel                      | I/1  | I/1   | I/1   | I/1  | I/1  | I/1  | I/1  |
| • Median                     | I/1  | I/1   | I/1   | I/1  | I/1  | I/1  | I/1  |
| • Maksimum                   | II/3 | I/1   | I/1   | I/1  | I/1  | I/1  | I/1  |

Figur 5 gjev ei samanlikning av næringssaltinnhaldet (TOT-N og TOT-P) i to av brønnane til ulike årstider og vassføringar (jfr. Figur 3).



Figur 5. Samanlikning av nitrogen- og fosforinnhold i to av dei undersøkte brønnane (B2 og B7).

Forskjellane i næringssaltinnhald (N og P) mellom brønnane er dei same som registrert tidlegare (Bjerknes & Raddum 1996). Nitrogenkonsentrasjonane i Brønn 3 var svært høge ved alle prøvetakingar i 1996 (median 3782.5 mg N/l, maksimum 5450 mg N/l). Låg vassføring i Kuvella er kobla til høg nitrogenkonsentrasjon. I slike periodar er vatnet meir påverka av grunnen i nedbørfeltet. Ved høg vassføring går konsentrasjonane ned, truleg som følge av permeable jordarter og infiltrasjon av ellevatn. Fosfor viser høge verdiar i Brønn 3 og særskilt høge verdiar i Brønn 6 og 7 ved alle prøvetakingar. Nitrogenverdiane ligg jamt over noko lågare i prøvene frå 1996 samanlikna med tidlegare år, medan fosforverdiane ligg på same nivå som tidlegare. For begge parametre er det store forskjellar frå brønn til brønn.

Nitrogeninnhaldet i grunnvatn i upåverka lende ligg normalt på 100-200 µg/l, medan fosforinnhaldet normalt er <5 µg/l. Verdiane i dei undersøkte brønnane, særleg ved låg vassføring, er mest sannsynleg uttrykk for kraftig jordbrukspråverknad. Drikkevassforskriftene (Sosial- og helsedepartementet 1995)

sett ei øvre grense for nitrat på 10 mg/l, medan direkte helsekadelege verdiar ligg 4-5 gangar over dette. Verdiane i dei undersøkte brønnane ligg under største tilrådde konsentrasjon av nitrogen, men her er likevel sterkt forhøya verdiar.

Ifølgje SIFF (1987) er det ikkje uvanleg å finna svært høge nitratverdiar i grunne drikkevassbrønnar i jordbruksområder (opptil omlag 60 mg NO<sub>3</sub>-N/l). Ein reknar med at nitratinnhaldet i slike brønnar skuldast gjødsling av dyrka mark. Verdiane var høge både før og etter at anleggsarbeidet i Tynjadalen vart sett igang. Det er derfor ikkje noko som tyder på påverknad herifrå. Den bakteriologiske tilstanden i brønnane er i hovudsak god, og det ser ikkje ut at dei høge næringssaltverdiane medfører auke i talet på tarmbakterier i drikkevatnet.

## 2.3 Vurdering

Kanaliseringa av Kuvella ved deponiområdet førte truleg til høgare verdiar av tørrstoff og fosfor under vårlaumen 1996 enn vanleg. Nitrogeverdiane i Kuvella er høge, men ligg på same nivå som før anleggsarbeidet starta. Desse verdiane går ned i samband med flaum. Det er derfor ikkje noko som tyder på at anleggsarbeidet i 1996 har ført til ei auke i nitrogentilførslene.


Drikkevassbrønnane ved Tønjum hadde eit jamt over lågare nitrogeninnhald i 1996 samanlikna med tidlegare år, dvs. langt høgare enn i upåverka grunnvatn. Nitrogeninnhaldet er mest sannsynleg uttrykk for ein kombinasjon av det høge naturlege innhaldet i Kuvella og ein etter måten kraftig påverknad frå jordbruk, med det siste som viktigaste årsak. Høgt fosforinhald i enkelte brønnar peiker i same retning. Fosfornivået i 1996 var omlag som tidlegare år. Bakterielt sett er drikkevatnet tilfredsstillande. Det er ikkje funnet teikn til endringar i drikkevasskvaliteten i 1996 som kan koblast til påverknad frå anleggsarbeidet i Tynjadalen.

### 3. Botndyr

#### 3.1 Materiale og metodar

##### 3.1.1 Stasjonsnett

I 1993 vart det oppretta 4 stasjonar for kvantitativ innsamling av botndyr, to i Kuvella og to i Lærdalselva, sjå Bjerknes og Raddum (1994) og Figur 6. Stasjonane 1, 2 og 4 kan bli påverka av aktiviteten i Tynjadalen, medan stasjon 3 vil vera upåverka av aktiviteten i nemnte område. Alle stasjonane vart undersøkt med omsyn til botndyr 13. juni 1996. For nærmere stasjons- og områdeskildring, sjå Bjerknes og Raddum (sitert over).



Figur 6. Botndyrstasjonar i Kuvella og Lærdalselva.

Under innsamlinga både i Kuvella (Stasjon 1 og 2) og Lærdalselva (Stasjon 3 og 4) var vassføringa høg, men innsamlinga kunne gjennomførast. Situasjonen i 1996 var i så måte svært lik tilhøva under innsamlinga 12. juni 1995. Vassføringstilhøva begge desse åra førte til at prøvene vart samla inn på eit noko snevrare område i Kuvella enn i 1993/94. Det viste seg og at Stasjon 1 (i øvre del av Kuvella) var påverka av kanalisering og utretting av elva. Dette bidrog til auka straumfart og mellombels auke i partikkelsortiment og næringssaltkonsentrasjon på stasjonen og generelt eit forringa habitat for botndyr (sjå kap. 2.2 og 2.3 ovanfor). I Lærdalselva var det naudsynt å forskyve innsamlingsområdet omlag 20 - 40 m oppstraums i forhold til innsamlinga i 1993/94. Betydninga av dette er vurdert som lita då områda ikkje vil vera tørre ved låg vassføring.

Botnsubstratet på innsamlingsstadene var samansett av stein med varierande storleik. Mellom steinane førekjem sand og grus. Elvebotnen hadde lite eller ingen påvekst av algar eller mose.

### 3.1.2 Metodikk

På kvar botnprøvestasjon vart det teke 5 kvantitative botnprøver med Surber sampler. Maskevidda i silposa var 0,25 mm. Prøvene vart fiksert på 70 % alkohol. Sortering og artsbestemming vart utført under binokular i laboratoriet.

## 3.2 Resultat


Vedlegg B (tabellene 1 - 4) viser det innsamla botndyrmaterialet. Påviste grupper/arter er ført opp med angjeving av totalt antall individ innsamla, minimum, maksimum og gjennomsnittleg antall pr. prøve og tettleik m<sup>-2</sup>. Det lågaste talet på arter/grupper vart funnet på Stasjon 1, medan det høgaste vart funnet på Stasjon 3 med henholdsvis 19 og 22. Dette er i samsvar med det som vart påvist til same tid i 1995, men noko mindre enn i mai 1994. Skilnaden mellom mai og juni skuldast at ein del insekt har klekka og er borte frå vassfasa ved sistnemnde innsamling.

Flatmarken *Crenobia alpina* vart påvist i begge elvane, men førekommstane var markert lågare enn i mai 1994 og juni 1995. T.d. vart det registrert 123 ind. m<sup>-2</sup> på Stasjon 1 i 1995, medan det i 1996 berre vart funne 2,2 m<sup>-2</sup>. Den høgaste tettleiken i 1996 vart funnen på Stasjon 3 (referansestasjon) med 46 individ m<sup>-2</sup>. *C. alpina* er en alpin form knytta til reint og kaldt vatn, gjerne kjelder. Den har ei typisk klumpvis fordeling og førekjem med 0 til eit titals individ pr. prøve. Det er for tidleg å seie om den sporadiske førekommsten av *C. alpina* i 1996 skuldast forureining frå anleggsvirksemada i Tynjadalen eller er naturlege svingingar. Kanaliseringa på Stasjon 1 er truleg årsak til at arten bare vart påvist sporadisk her i 1996, medan stasjonen hadde mest flatmark i 1995. Arten er eit viktig element i norsk fauna, og ein viktig indikator for vasskvalitet, men har liten betydning for fiskeproduksjon.

I Kuvella vart døgnflugene *Baetis rhodani* og *Ameletus inopinatus* påvist på Stasjon 1, medan berre *B. rhodani* vart funnen på Stasjon 2. I Lærdalselva vart begge artene funnet på Stasjon 3 i tillegg til arten *Ephemerella aurivilli*. Artssamansetnaden var lik den som vart registrert i 1995, men den dominerande arten, *B. rhodani*, var i lågare antal i 1996. Reduksjonen frå 1995 til 1996 var omlag 75 % på Stasjon 1, og mellom 50 og 65 % på dei andre stasjonane, sjå Figur 7. Tidspunktet for innsamling vil ha betydning for tettleiken av larver, grunna klekking til vaksne om sommaren. For nemnte art er det derfor naturleg med høgare tettleik i mai enn i juni (1994-prøvene er tekne i mai). Innsamlingane i 1995 og 1996 vart utført høvesvis 12. og 13. juni, dvs. sesongmessig same tidspunkt. *B. rhodani* kan ha store naturlege svingingar i tettleik frå år til år. Det er derfor for tidleg å seie om aktiviteten generelt i Tynjadalen har påverka førekommsten av *B. rhodani*. Likevel er det kjent at kanalisering har negativ

effekt på dei fleste botndyr grunna auka straumfart og utspsyling av partikulært organisk og uorganisk materiale. Kanaliseringa har derfor truleg bidratt til at nedgangen var størst på Stasjon 1.

*B. rhodani* er ei av dei aller viktigaste insektlarvene i vassdraga på Vestlandet. Den er og eit ettertrakta næringsobjekt for ungfisk.




Figur 7. Tettleik av *B. rhodani* på dei ulike stasjonane i perioden 1994 - 1996.

Dei to andre påviste døgnflugeartene førekjem meir sporadisk. *A. inopinatus* er vanlegast i alpine biotoper, medan *E. aurivilli* først og fremst finnast i lågareliggende deler av større elver. Dei registrerte døgnflugeartene er følsomme for surt vatn. Både vassanalyser og botndyrsamansetnad tyder på at ein kan sjå bort frå forsuring som miljøproblem kan ein sjå bort Lærdalselva og Kuvella.


Det ble registrert 9 arter av steinfluger i 1996. Artsmangfaldet vil variere avhengig av årstida. Registreringane i juni må sjåast som normale. Tettleiken av steinfluger var høyare i 1996 enn i 1995, med unntak av Stasjon 4, sjå Figur 8. Dette var mest utprega for den vanlegaste arten, *Brachyptera risi*, som dominerte på stasjonane. Andre vanlege arter var *Amphinemura borealis* og *Lauctra fusca*, medan dei større formene som *Isoperla sp.* og *Diura nansenii* hadde ein låg førekommst. Steinfluger er karakterarter for klårt, reint vatn og steinbotn typisk for Vestlandet. Dei er følsomme for organisk forureining. Aktiviteten i Tynjadalen synast så langt ikkje å ha påverka steinflugene. Både døgnflugene og steinflugene er viktig føde for fisk.

Vårflugene var representert med 5 arter/grupper. Den einaste skilnaden frå 1995 var at *Plectrocnemia conspersa* ikkje vart påvist i 1996. Arten vart bare registrert med to individ i 1995. At den mangla i 1996 betyr derfor lite. Dei påviste artene vekslar i dominans på dei ulike stasjonane. Generelt er *Rhyacophila nubila* den vanlegaste arten både i Kuvella og Lærdalselva. Det har ikkje vore nokon endring i dette sidan undersøkingane starta.




**Figur 8.** Tettleik av steinfluger på dei ulike stasjonane i perioden 1994 - 1996.

Figur 9 viser førekomsten av vårfluger. Tettleiken var høgare i Kuvella i 1996 enn i 1995. I Lærdalselva hadde Stasjon 4 uendra tettleik og Stasjon 3 lågare tettleik. Vårfluger har forholdsvis store larver. Både larvene og dei vaksne er viktig fiskeføde, særleg for eldre fiskeungar.



**Figur 9.** Tettleik av vårfluger på dei ulike stasjonane i perioden 1994 - 1996.

Blant ubestemte grupper dominerer fjærmygglarvene (*Chironomidae*). I Norge finst det meir enn 500 arter av disse insektene. Tettleiken av fjærmygg har variert mellom 1905 og 8580 ind. m<sup>-2</sup> (Stasjon 4 og 3) i 1996. Samanlikna med 1995 har tettleiken sunket med 25 - 35 % (Figur 10). Dette er truleg innafor naturlege svingingar. Samanliknar vi Stasjon 3 (referanse) med dei øvrige, er utviklingsbildet forskjellig frå 1994 til 1996. Årsaka til dette er uviss.



**Figur 10.** Tettleik av fjærmygg på dei ulike stasjonane i perioden 1994 - 1996.

Det var og forholdsvis høg tettleik av fåbørstemark (*Oligochaeta*) og knottlarver (*Simulidae*). Desse invertebratene førekjem med høgast tettleiker på henholdsvis 570 - og 1260 ind. m<sup>-2</sup> på Stasjon 3. Ei anna gruppe med regelmessig førekjoms var vassmidd (*Acarí*). Blant invertebratene ført under gruppa "diverse" er det førebels ingen som indikerer endringar grunna aktiviteten i Tynjadalen.

### 3.3 Vurdering

Det kan førebels ikkje trekkast konklusjonar om aktiviteten i Tynjadalen har påverka botndyrfaunaen. Dei endringane som er funnet kan ligge innanfor naturlege svingingar, men elveforbygginga har truleg endra faunaen noko øverst i Kuvella. Det er likevel påfallande at faunaen på stasjonane 1, 2 og 4, som kan vera påverka av aktiviteten, ofte har ein innbyrdes lik, men anna utvikling enn faunaen på Stasjon 3, som er upåverka. Berre framtidig overvaking kan avdekka om førstnemnde stasjonar vil legga seg på eit nytt nivå samanlikna med kontrollstasjonen.

## 4. Gjeller av ungfisk

5-6 individ av laks- og aureunger vart fanga med elektrisk fiskeapparat på tre stasjonar, ein stasjon i Kuvella, ein i Lærdalselva oppstraums (referanse) og ein nedstraums Kuvella (sjå Vedlegg C). Dei tre stasjonane er lokalisert til dei same stadene som dei tre nedste botndyrstasjonane (sjå Figur 2 ovanfor).

Fisken vart drepen med eit slag i hovudet, og kvar fisk vart artsbestemt (laks/aure) og lengdemålt til nærmeste mm. Deretter vart fisken tappa for blod, og 2. venstre gjelleboge vart klift av og fiksert på buffret 4 % formalin. Det vart teke skjellprøve av kvar fisk for potensiell aldersbestemming.

Gjelle- og skjellprøver blir arkivert ved NIVA, og skal nyttast som referanse materiale for vurdering av skader på fisk dersom det blir trøng for det.

## 5. Telling av gytefisk i Kuvella

Telling av gytefisk skjer ved observasjon frå begge elvebredder med polaroide briller og kikkert. Kuvella er ei typisk sjøaureelv, og det går ikkje laks opp for å gyte i denne sideelva (Torkjell Grimelid pers. medd.). Telling av gyteferdig sjøaure i nedre del av Kuvella vart gjort 15. oktober 1996, og det vart registrert ialt 51 gytefisk av sjøaure. Dette er det høgaste talet som er registrert etter at gytefisktellingane i Kuvella starta i 1988. I tidlegare år har talet variert frå 18 til 37 gytarar. Det høgaste talet på 37 gytefisk vart registrert i 1994 (Bjerknes & Raddum 1994). I 1995 vart det ikkje telt gytefisk i Kuvella (Bjerknes & Raddum 1996).

## 6. Referansar

- Bjerknes, V. & Raddum, G.G. 1994. E16. Tunnel Aurland - Lærdal. Forhåndsregistrering av vannkvalitet, bunndyr og fisk i Lærdalselva og Kuvella. NIVA rapport nr. 3147, 33 s.
- Bjerknes, V. & Raddum, G.G. 1996. E16. Tunnel Aurland-Lærdal. Forhåndsregistrering av vannkvalitet, bunndyr og fisk i Lærdalselva og Kuvella. Del II. NIVA rapport nr. 3398-96, 16 s.
- Bjerknes, V., Røhr, P.K., Åstebøl, S. O., Robertsen, K. R. & Rognerud, B. 1994. E16. Tunnel Aurland-Lærdal. Konsekvensanalyse av tunneldrift og massedeponi i Tynjadalen i Lærdal. NIVA rapport nr. 2999. 57 s.
